



Kjell Atle Ulvatn
Tuftamyra 3 A
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6577 - 21/68120

Saksbehandlar:
Atle Magne Strandos
atle.magne.strandos@alver.kommune.n
o

Dato:
04.11.2021

Løyve til samanføyning av kjellarleilegheit med hovudbustad - gbnr
137/635

**Administrativt
vedtak:**

Saknr: 1073/21

Tiltakshavar:

Kjell Atle Ulvatn

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 g) vert det gjeve løyve til tiltak for samanføyning av kjellarleilegheit med hovudbustad. Etter dette skal heile bygget nyttast som ei brukseining.

Tiltak

Saka gjeld søknad om samanføyning av kjellarleilegheit med resten av huset slik at det berre vert ei bueining i bygget. Bruksareal (BRA) og bebygd areal (BYA) vert uendra.

Det er opplyst at det ikkje skal gjerast nokon fysiske endringar i bygget, og vidare at intern kommunikasjon er sikra via eksisterande dør mellom hovudhusveret og tidlegare utleigedel.

Nabovarsel

Kommunen finn ikkje grunnlag for å krevje nabovarsling.

Privatrettslege tilhøve

Kommunen vurderer ingen privatrettslege tilhøve, jfr. pbl. § 21-6.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket er/vert i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6577

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Atle Magne Strandos
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjell Atle Ulvatn
Kjell Atle Ulvatn

Tuftamyra 3 A 5911
Tuftamyra 3 A 5911

ALVERSUND
ALVERSUND